

# Referat frå styremøte i Vats Grendautval

Torsdag 22. mars 2012 I Vindafjordhallen kl. 19.30.

Desse møtte: Severin Fatland, Kristin Ove Skare, Anne Nesheim Myhre og Jon Olav Velde (Hilde Fadnes Hølland har morspermisjon, Alf Egil Vaula, Magne Skrunes og Per Fatland kunne ikkje møta.)

## Sak 1. Reguleringsplan for sykkel- og gangsti Knapphus - Kårhus.

### Framdriftsplan så langt:

- a. **Finansiering.** Ved hjelp av private sponsorar m/55 000 kr, Vindafjord kommune m/50 000 kr så langt og fylkets trafikksikringsmidlar m/300 000 kr har me nå sikra vel 400 000 kr til dette prosjektet.
- b. **Måndag 27. febr. d.å.** var Jon Olav i møte med OMEGA v/Gisle Heggebø og drøfta dette med å laga ein reguleringsplan for omtalte strekning. Dette er eit kostbart og omfattande arbeid. Resultatet vart at denne saka skal takast opp i eit nytt møte saman med Vindafjord kommune, Statens vegvesen og Grendautvalet. Skal sjå korleis ein skal gå vidare med saka. Ein god del av finansieringa er allereie i boks.
- c. **Fredag 23. mars** skal Jon Olav i nytt møte om denne saka saman med Vindafjord kommune og Statens vegvesen og drøfta saka vidare.  
Kjem attende til resultatet av dette møtet i neste styremøte..

## Sak 2. Forlenging av sykkel- og gangsti langs E 134 i Øvre Vats.

Det er på dugnad opparbeid ein sykkel og gangsti på 3,2 km frå Knapphus til Aurdalsvegen. Auken i trafikken kvart år gjer det snart utilrådeleg for mjuke trafikantar å gå eller sykla langs hovudvegen. Særleg har tungtrafikken auka mykje.

**Vedtak:** Vats Grendautval vil på nytt minna Statens vegvesen om å setja i gong ein prosess om å forlenga sykkel- og gangstien frå Aurdalsvegen til Eikeland og vidare mot Ølensvåg og frå Knapphus til Krakk og utover til Skjold.

## Sak 3. Vatsvassdraget.

Til orientering kan det seiast at prosjektgruppa med Vatsvassdraget m/Harald Velde som leiar, har gjort og gjer eit godt arbeid her og har sett i gong bl.a. desse tiltaka:.

1. **Miljøvenleg gjødsling**
2. **Renseparkar.**
3. **Nye prøvetakingsopplegg av NIVA**
4. **Opprensning av tre og buskar i Åmselva nedover frå Kårhus**

Prosjektgruppa har hatt 2 møte med bøndene om miljøvennleg gjødsling og skrive under avtalar. Fleire er også interessert i å få laga renseparkar.

Opprensninga langs Åmselva vil gi raskare vassgjennomstrøyming frå Vatsvatnet som igjen fører til at bakkane som ligg lågt "tømmer" seg raskare for overflatevatn.

**NIVA v/Anders Hobæk** er kontakta for å følga opp miljørapporten som han laga i 2009.

Grendautvalet er svært glad for at dette prosjektet er kome i gong og håpar at desse tiltaka vil gi resultat på sikt. Her må alle ta sin del for å få bukt med forureininga i vassdraget.

#### **Sak 4. Kulturveka i Vats**

Jon Olav orienterte om opplegget dette året. Dette er 4. gongen denne kulturveka blir arrangert – i 2006, 2008, 2010 og 2012.

”**Kulturveka i Vats 2012**” dette året går frå **tysdag 5. til søndag 10. juni** med variert program. Komiteen håpar på godt frammøte på arrangementa dette året også.

Komiteen jobbar for fullt med å ferdigstilla programmet og skaffa sponsormidler til utgiftene som kjem.

Komiteen lagar **eiga brosjyre for kulturveka** som blir delt ut til alle husstandar.

Grendautvalet er svært takksam for dette tiltaket/arrangementet som set søkelyset på kulturelle aktivitetar og få fram personar som er viktige i eit bygdesamfunn.

#### **Sak 5. Veglysprosjektet langs sykkel- og gangstien i Øvre Vats.**

Langs den 3,2 km lange gang- og sykkelstien frå Knapphus til Aurdalsvegen, er det nå lysmaster på halve strekninga. Det manglar lys frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen. Det er sterkt ynskje om å få fullføra dette lysprosjektet.

Grendautvalet er svært spent på om finansieringa til lysmastene ligg inne på budsjettet til vegvesenet dette året. Dette er ei sak som Grendautvalet har hatt oppe fleire gonger. Etter fleire spørsmål har ikkje vegvesenet kunna svara på dette endå.

#### **Sak 6. Veg- og gatenamn i Vindafjord.**

Grendautvalet etterlyste dette arbeidet i sak 5 i styremøte 13 01 12.

Vindafjord kommune har nå tilsett prosjektleiar for arbeidet med veg- og gatenamn i kommunen.

**Berit Hetland** er tilsett i denne stillinga. Ho tek til med arbeidet like etter påske.

Ho vil ha eige kontor i teknisk bygg i Sandeid.

Det er allereie gjort ein del arbeid med dette i ”gamle” Vindafjord og Ølen kommunar.

Det fyrste Berit vil gjera, er å gå gjennom dette arbeidet og finna ut kva som er gjort frå før, og som ho kan jobba vidare med.

Dessutan må ho setja seg inn i lovar og reglar for korleis slikt arbeid skal gjerast for å gjera alt formelt rett.

Jon Olav har snakka med henne. Ho ynskjer samarbeid med grendautvala og lokale folk i dei ulike bygdene. Ho kjem attende til dette med å kalla inn til møte når ho er klar for slikt samarbeid.

Grendautvalet er glad for at dette prosjektet er kome på dagsorden og ser fram til konstruktivt samarbeid.

#### **Sak 7. Musikkorpset i Vats.**

Grendautvalet er gjort kjent med at musikkorpset i Vats tek ein pause og legg ned aktiviteten inntil vidare p.g.a. manglande oppsluting av musikantar og rekrutering av nye.

Musikkorpset har gjennom mange, mange år gleda bygdefolket med fin musikk ved mange tilstellingar både ute og inne og ikkje minst ved store høgtider.. Dei har også gitt bygdefolket fleire fine musikalse opplevingar gjennom bl.a. musikalar..

Det blir svært sakneleg når dei nå uteblir ved 17. mai.

Grendautvalet vil takka styret i musikkorpset og alle musikantane som har stått på i alle år for deira utrettelege arbeid med å skapa gleda og trivsel i bygda.

Grendautvalet håpar at musikkorpset kan starta oppatt dersom nye vil vera med.

## **Sak 8. Longåsdalshytta.**

I januar var Jon Olav i møte med Skjold turlag om Longåsdalshytta og om turstiane som fører fram dit. Skjold turlag har overteke Longåsdalshytta frå Haugesund turistforening og vil framover vedlikehalda og drifta denne hytta. Det er sett opp plakatar om hytta fleire stader med opplysningar om:

- a. Om overnattingsbesøk – Randi Risanger tek mot bestilling på tlf. 99707449**
- b. Om dagsbesøk.- gratis**
- c. Om betalingsmåte – banknr. 3240 07 59714**

Det er fleire måtar å koma seg fram til hytta på. Frå Vats kan ein gå frå Eikesdalsvegen opp til Veldehytta og vidare forbi Husafjellet og ned til longåsdalen. Dette er ein skilta, rydda og godt merka sti. Fin tur.

## **Sak 9. Gatelys i Nedre Vats frå Kårhus til Sørbøfeltet.**

Grendautvalet handsama denne saka i sak 11 i møte 13 01 12 og sende særutskriftskrift til Vindafjord kommune..

Grendautvalet fekk svarskriv frå kommunen v/ingeniør Hildbjørg Fludal den 24 02 12 om at veglys på denne strekningen var med i trafikksikringsplanen sin tiltaksdel. Tiltak som er med i trafikksikringsplanen kan etter søknad få midlar til dette frå Rogaland fylke sitt trafikksikkerhetsutval (FTU).

Søknad for slike tiltak i 2013 har søknadsfrist til hausten 2012.

**Vedtak:** Grendautvalet vil oppmoda kommunen om å innhenta pris og senda søknad om midler til dette lysprosjektet.

## **Sak 10. Luftforureining frå AF Decom sin miljøbase på Raunes.**

Grendautvalet har merka seg den store negative omtalen om miljøbasen frå fleira hald.

Ettersom det blir sagt, skjer det nærast ukontrollert utslepp frå anlegget. NMF avd. Vats har engasjert NILU (Norsk Institutt for Luftforskning) for å slå fast at det skjer stor luftforureining frå miljøbasen. NILU fekk i oppdrag å analysere prøvar av slam og støv som er tekne frå ei takrenne på fiskefarmen og frå eit luftfilter frå eit hus inne ved Åmsosen. Desse prøvane synta at det var stor luftforureining av ulike giftige stoffer. Desse opplysningane blei sendt rundt til ulike media med store overskrifter. Både radio og aviser og etatar fekk desse sjå testane utan å opplysa om kva NILU hadde som sin kommentar om prøvane.

### **NILU skriv i sin publisasjon 15 03 12 om desse prøvane:**

**Sitat:** ”Raunes Fiskefarm har i flere brev til miljøforvaltningen lagt fram dokumentasjon på det de mener er omfattende miljøforurensning fra AF Decom Offshores (AFDO) miljøbase i Vats. NILU’s analyser som er i bruk i dokumentasjonen, er tatt helt ut av sin sammenheng.”

### **Vidare skriv NILU:**

**Sitat:** ”I rapporten som er sendt og omtalt i pressen, refereres det til ”Luftprøver foretatt av NILU” Dette medfører ikke riktighet. NILU har ikke foretatt luftprøver. Videre trekkes det slutninger om utslipp på grunnlag av våre analyser som det ikke er grunnlag for”

**NILU skriv vidare: Sitat** ”Vårt oppdrag har vært å bestemme metallinnholdet av et luftfilter fra et ventilasjonsanlegg ved Åmsosen som ligger 3,8 km fra den omtalte miljøbasen. Resultatet kan **IKKE** brukes til å gjøre utslipps- og spredningsberegninger. **Dette har NILU gjort oppdragsgiver oppmerksom på ved flere anledninger. Verken slam fra takrenner eller luftfiltre fra ventilasjonsanlegg er egnet til slike målinger.**

For å få klarhet i situasjonen, vil NILU anbefale at luftmålinger som før omtalt, inkluderes i det eksisterende overvåkingsprogrammet.”

**Det er svært uheldig at denne saka om luftforureining har fått så stor mediamerksemd på feil premisser.**

Det burde vore opplyst om kva kommentar NILU hadde til desse prøvane. Dette svekker truverdet til miljøverngruppa.

NILU anbefaler at NIVA som har miljøovervakinga rundt miljøbasen, tek seg av desse målingane for å kartleggja om det er luftforureining frå miljøbasen.

Grendautvalet har tillit til at NIVA som ein uhilda part, legg fram objektive resultat.

Deretter får kommune, fylke og staten sine miljøavdelingar gjera sine kontrollar.

### **Viktig for grendautvalet:**

**Kjem det fram at det skjer utslepp som overstig grenseverdiane som er sette, må miljøbasen iverksetja tiltak for å få kontroll på dette.**

**Grendautvalet er glad for all overvaking av miljøet i og rundt Raunes.**

**Det var ein gledeleg at NIVA kunne leggja fram ein positiv miljørapport på folkemøte i Vindafjordhallen 7. mars. Dette syner at miljøbasen har stort fokus på miljøet.**

**Grendautvalet kan ikkje trekkja i tvil det arbeidet som miljøbasen gjer for å gjera tiltak i tråd med anbefalingar frå dei ulike kontrollinstansane.**

**Me er alle interessert i å ta vare på miljøet i og rundt Vatsfjorden.**

**Me må ha tillit til at miljøbasen gjer alt arbeid på ein forsvarleg måte etter gjeldande lovar og reglar.**

### **Sak 11. Dugnad i Vindafjordhallen**

Det blir dugnadsarbeid i Vindafjordhallen **laurdag 14. april kl. 10.00**

Då blir det vask og rydding ute og inne.

Grendautvalet oppfordrar folk i Vats til å stilla opp og vera med på å gjera det reint og triveleg i og rundt storstova i Vats denne dagen.

Øvre Vats 22. mars 2012

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-